



Fitjar Mekaniske er ei solid verksemd

- Vi håpar at det kjem ei avtale ut av dette, seier Svein Arne Eidsvik til uskedalen.no i samband med at det no vert forhandla om eit samarbeid mellom det konkursramma Eidsvik Skipsbyggeri og Fitjar Mekaniske Verksted. Fitjar-verksemda treng å leiga seg inn ein annan stad fordi dei treng større produksjonskapasitet og Eidsvik er eit alternativ, Som eit ledd i arbeidet med å kartleggja mogelegheitene har Fitjar Mekaniske annonsert i lokalpressa etter husrom for 20 personar frå 1. mars og ut året innanfor ein radius på 5 kilometer frå Uskedalen.



Det vert plass til lekteren sjølv om Fitjar satsar på Eidsvik

Sidan tidleg i november har Eide Maritim Services hatt ein nedsenkbar gigantleker på 110 X 45 neter liggande hos Eidsvik. Hvis den ikkje får nokon ny kontrakt vil den ikkje bli flytta sjølv om det skulle verta inngått ei leigekontrakt med Fitjar.

Svein Arne Eidsvik opplyser at det er mogeleg å få plass til dei 2 aktuelle leigetakarane- Han kjenner ikkje til om det er på gang nokon nye oppdrag for lekteren som er klar for oppdrag over heile verda. Sist var den i Tyskland.

Når det gjeld Fitjar Mekaniske Verkstad er det ei verksemd med vel 60 tilsette som mellom anna driv med reparasjon og vedlikehald av skip og båtar, Både likviditet, lønsamheit og soliditet får meget god karakter frå nøytrale og sakkyndige kjelder og siste driftsresultat er i overkant av 300 000 kroner.

Det har så langt ikkje lukkast oss å få kontakt med dagleg leiar Hugo Mikal Strand for ytterlegare opplysningar om ein mogeleg satsing på Uskedalen som produksjonsstad.

- Førebels er vi inne i kartleggjing og forhandlingar og eg reknar med ei avklaring iløpet av eitpar veker, seier Svein Arne Eidsvik.

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen og Fitjar Mekaniske verkstad